

Kyrkje og kultur i Sirdal



Besøk hos ASVO

Side 4-6

**Inspirerende tur
til Spania**

Side 10-11

Kultursidene

Side 18-28

Verdifull for Gud

Gud vil ha fellesskap med oss. Han søker og leiter, ser etter den bortkomne, - etter den som er komen på avstand.

Det er Han som vil ha med oss å gjere, **Johs. 3, 16-17:**

"For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han."

Johs.1,12:

"Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans."

Jesus kjøpte oss retten til å bli Guds barn.

Fred med Gud er ein tilstand, ein visshet grunna på Guds eige Ord. Den som tek imot, får frelse p.g.a. Jesus.

Verda roper om fred i dag. Me får all ufreden inn i stovene våre for tida. Me treng fred med Gud og kvarandre.

Bare Jesus kan gi og lære oss forsoning og tilgiving, det gjeld òg i mitt liv.

Ta imot tilgiving og gi den vidare!

I Jesus har me del i krafta frå oppstoda,

Johs.11,25-26:

Jesus seier: "Eg er oppstoda og livet, den som trur på meg, skal leva om han så døyr, og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æva ikkje døy."

Stol på det!

Borghild Tonstad

Omsorg og gjestfridom

To omgrep som er sentrale og viktige i vår kristne tru og kulturarv. I denne utgåva av bladet vårt er det tre artiklar som på ulik vis illustrerar desse omgrepa.

Vi har vitja ASVO, som gjev arbeid til menneske med ulike yrkeshemmingar, der tjue personar no har arbeid, ti har varig arbeid, nokre har arbeidspraksis og seks har språkpraksis. Arbeid er ein sers viktig del av livsinnhaldet, det gjev sjølv-respekt, sosialt fellesskap og mening med livet.

Samfunnet vårt er i sterk endring.

Dei opne grensene innan EU/EØS gjer at mange menneske flyttar på seg, mange kjem også til Noreg, og nokre av dei til oss i Sirdal. Ausra og døtrene hennar er eit eksempel på det, og kor godt folk kan verta integrerte.

Europa har og stor innvandring utanfrå. Siste tida har merksemda på alle flyktningane vore stor, mange set livet på spel

for å koma seg bort frå krig og elende.

Innvandringa utanfrå har vore stor i mange år tidlegare og. Det fekk vi illustrert ved kyrkjelyden si vitjing i Barcelona, mange kom utanfrå til Spania for fleire år sidan då tidene var gode, og det var lett å få arbeid. No har mange menn reist vidare nordover for å skaffa seg arbeid, medan kvinnene og borna er att i Spania. Dei har utfordringar med språk og integrering.

Det er mange meiningar om desse store endringane, som nærast er som ei ny folkevandring å rekna. Enkle løysingar finst ikkje, men det utfordrar oss når det gjeld å visa omsorg og gjestfridom slik vår kristne tru og kulturarv byr oss.

Lat oss gjera alt vi kan for å syna omsorg og gjestfridom, og slik bidra til ei god integrering av alle med ulike utfordringar i høve til samfunnet vårt!

Lars Audun Fodstad

Vil du bli flyktningeven?

Flyktningane som vert busett i Sirdal kommune ønskjer å bli kjent med folk som bur her og lære meir om den norske kulturen. Ingen er betre skikka til å gjere dette enn heilt vanlege folk. Under mottoet "Sammen om en god integrering" inviterer difor Flyktningetenesta i kommunen og NAV deg til å bli flyktningeven. Ring, send sms eller send mail for meir info: 468 83 587 / andrea.van.der.veen@nav.no



**Songkveld i Haughom kapell fredag
7.okt. kl. 19.00, meir info kjem.**

Miljøtipset: Bruk naturens matlager

Sommaren er høgsesong for ei rekke bær, grønnsaker, frukter og vekstar av andre slag. Dei neste månadene er det ikkje reint få planter som kan etast i norsk natur og norske hagar. Mange av varene du finn i matbutikken har kryssa landegrensar for å sikre billig produksjon og/eller emballasje. Ved å nytte naturen framfor matbutikken kan du bidra til redusert transportbehov og lågare straumforbruk på fabrikkar og kjøleanlegg. Ingen mat er meir miljøvenleg enn den du finn i naturen. I denne utgåva av miljøtipset fylgjer nokre råd til korleis ein kan utnytte ulike matvekstar.

Mange av varene du vanlegvis kjøper i butikken, kan erstattast av viltveksande planter. «Ugraset» skvallerkål er for eksempel fin å bruke som spinat eller kål, i stuing og salat. Veksten løkurt kan på si side brukast som lauk, og i pesto. Syrinar, forgløymmegei eller løvetann er nydeleg som kakepynt. For meir info om

desse plantene, anbefaler eg videoen *spiselige ville vekster* frå nettsida



gronnejenter.no.

Eit spann med blåbær kan og brukast til langt meir enn syltetøy og saft. Kanskje er det mogeleg å fryse ned bærposar til smoothie, og på den måten sleppe å

handle inn frosne bær utover vinteren? Om ein sjølv ikkje kan plukke slik ein vil,

er det eit godt alternativ å kjøpe varer frå lokale bøndar. I nokre tilfelle går det kanskje og an å

banke på hos naboen?

Tekst og foto: **Ane Bendikte Haugom**

Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 3/2016

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Fire utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Naturlos-tur i Haugom-grenda

Foto: Sven-Egil Testad

Trykk: Synkron Media

**”Lik” gjerne kyrkja
si facebook-side:**

**[www.facebook.com/
Kyrkja i Sirdal](http://www.facebook.com/Kyrkja_i_Sirdal)**



Følg oss på Facebook

Besøk hos ASVO i Sirdal

Når ein stikk innom Asvo på Tonstad, vert ein overvelda over alt denne bedrifta kan by på. Bli med Kyrkje og kultur sin utsende medarbeidar på besøk hos Asvo.

I «Kremmarhytta» finn ein kontorutstyr, lekebutikk og interiørvarer under same tak. Dersom vi treng noko Horgen fører, kan me tinga vara eine dagen og henta ho den neste. Nokre av interiørvarene vert laga på Asvo, mellom anna dreia lysestakar og skåler.

Samfunnsoppdraget

Dagleg leiar Roy Løseth fortel gjerne om bedrifta han har ansvar for. Samfunnsoppdraget for bedrifta er å gje arbeid til menneske med ulike yrkes-

hemmingar. No arbeider tjue personar her, seks av dei har språkpraksis, andre har arbeidspraksis før dei søkjer anna arbeid og ti har varig arbeid på Asvo.

Vedproduksjon

Vedproduksjonen er krevande, mange store kundar vil ha ved og med nytt lagerbygg på 240m² kan vedsalet auka, kundegrunnlaget er stort. Vidare har

«Når kløyvemaskina stoppar, går praten godt og språktreninga blømer.»

ein fått eit nytt sagbruk som ikkje først og fremst skal sage ved, men lauvtre. Planen er etter kvart å ha eit depotlager av lauvtre, slike er det ikkje mange av i landet. Lauvtre vert nytta til møblar, båtbygging, av instrumentmakarar og til mykje anna. Folk frå Asvo fartar omkring og hentar lauvtre, både fruktetre, tuntre og viltvaksande tre. Dei har og tilsette som kan felle trea.

Stor trivsel

Det som likevel særpregar denne arbeidsplassen, er trivselen. Her har alle lyst til å slå av ein prat, fortelje om kva dei arbeider med og la oss få sjå korleis



Avtale om sommarjobb er i orden!

ting fungerer. Det er lett å kjenne at alle får yte etter evne og vert verdsett uansett. Latter og godt humør gjev arbeidslyst, veit vi. I vedproduksjonen møter vi Tor Helge og Tesfalem. Når kløyvemaskina stoppar, går praten godt og språktreninga blømer. Like ved er Zinar oppteken av å stue ved i sekker og endå ein av våre nye innbyggjarar kjem innom til Roy for å høyre korleis sjansen for sommarjobb er. Han forlet Asvo smilande med avtale om 3 veker sommarjobb.



Signe vev kjekke sitjeunderlag som får ein omgong i tovmaskina etterpå.



Tor Helge og syriske Tesfalem tek seg av vedkløyvinga...



... medan Zinar pakkar veden.

Uthaldande pensjonistar

Eit par av dei tilsette er eigentleg pensjonistar, men har slett ikkje tenkt å slutta av den grunn. Britt Helen reiser dagleg ti mil for å koma på jobb der ho trivst, og strikkeprodukta hennar er viktige for salet i Kremmerhytta.

”Det som likevel særpregar denne arbeidsplassen, er trivselen”

Bjørn kunne også vore pensjonist, men det har han ikkje tid til. Han er ein trekunstnar, og lysestakane hans set både unge og eldre pris på.

(framhald på neste side)

«Desse karane vil jobbe og står på», skryt Roy.

Postombringning og andre tenester

Dagleg er det Asvofolk som bringar lokal post mellom ulike kontor, dei leverer og frukt til bedrifter på Tonstad. Kvar sommar steller dei ca. 30 graver på gravplassane, plantar og ser til gravene utover sommaren.

Ei anna sjeldan nisjeteneste kan ein yta med tovimaskina. Dersom ein vil ha tova eit produkt ein har strikka eller vevd, kan ein få det gjort på Asvo. Det kjem mange tepper frå fjern og nær for å verta tova der.

I ”Kremmerhytta” finn ein mange fine varer. Noko av dette er laga på ASVO, men ikkje alt.





Når han står med dreiemaskina, kosar han seg verkeleg. Asvo har nyleg pussa opp logoen sin, dei heiter framleis ASVO, men valspråket er: «Totalleverandør av arbeidsglede». Betre kan det ikkje seiast!

Dersom du ikkje har vore innom Asvo, så gjer deg eit ærend i Kremmerhytta og kikk deg rundt, der er leikebutikk også.

Tekst : **Solbjørg Tjørhom**
Foto: **Solbjørg Tjørhom**
og ASVO

Trekunstnaren Bjørn kosar seg med dreiemaskina.

Fakta om ASVO SIRDAL

Sysselset: 20 personar
Daleg leiar: Roy Løseth
Oppdrag: Gje arbeid til menneske med ulike yrkeshemningar.
Tilbyr: Ved, handarbeid, møbelsnekring, ulike tenester, kontorutstyr
Heimeside: www.asvosirdal.no



Nokre kjem og nokre går...

Det siste halve året har det vore ein del endringar i staben, og meir blir det. *Ragnhild Maria Sandvik*, som har vore tilsett som kyrkjelydsarbeidar sidan 2011, har nett slutta. Men ho vil framleis dirigere Tonstad barnekor. Trusopplærar *Dagny Irene T. Torsteinbø* var tilsett i ei prosjektstilling fram til juni 2016, og har no slutta. Det same har *Kjartan Øygard*, vikar for kyrkjelydsarbeidar siste skuleåret. *Karl Edvald Fjeldsaa*, som har vore kyrkjetenar i både Haughom kapell, Kvævemoen kapell og Lunde kyrkje sidan 2012, og før det i Lunde sidan 2000, slutta i stillinga i midten av august. Vi er glad for å kunne ønske tre nye personar velkomne som kyrkjetenarar ved dei tre kyrkjene. Dei tre er Gerd Åshild Ueland i Haughom kapell, Gunn Siri Ousdal i Lunde kyrkje og Bjørg Hilde Fidjeland i Kvævemoen kapell. Velkomen til alle tre! Vi er også glade for at Inger Solveig Høyland no er tilbake etter permisjon. **Samstundes vil vi rette ein stor takk** til dei som no sluttar, for den flotte jobben dei alle har gjort gjennom kortare eller lengre teneste. Lukke til vidare alle saman! Vi vil også melde at sokneprest Sigurd Flydal går av med pensjon i byrjinga av desember. Det vert avskjedsgudsteneste i Tonstad kyrkje 27.november, med markering etterpå.



Gerd Åshild Ueland
kyrkjetenar i
Haughom kapell



Bjørg Hilde Fidjeland,
kyrkjetenar i
Kvævemoen kapell



Gunn Siri Ousdal
kyrkjetenar i
Lunde kyrkje

Kva for oppgaver har dei ulike utvala i kyrkja?

Denne gongen: Arbeidsgruppa for Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er ein av over 280 "grøne kyrkjelydar" i Noreg. Kyrkjelydane som deltek i ordninga har valt ut og forplikta seg til å gjennomføre minst 25 tiltak frå "grøn kyrkjelyd" sitt handlingsark. Sirdal kyrkjelyd har mellom anna valt å bruke Fairtrade-merkte produkt, feire skaparverket sin dag og ta del i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Soknerådet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal følgje opp kyrkjelyden sitt engasjement som grøn kyrkjelyd. I denne soknerådsperioden er det Sven Sandvik (leiar), May Bente Øksendal Ousdal og Henning Huseby Jansen som sit i arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa har tidlegare arrangert redesignkveld, undersøkt det palmeoljefrie vareutvalet i daglegvarebutikkane og skrive høringsuttale med kritikk av Sirdal kommune si subsidiering av straumforbruk.

I tida framover vil ENØK-tiltak, som installasjon av varmepumper og varmestyringsanlegg i kyrkjene, vere ei viktig sak for arbeidsgruppa. Vi tek også imot tips på saker vi kan ta opp.

Tekst: **Sven Sandvik**



Tangent-aksjonen nærmar seg målstreken!

Det nye pianoet blei nyleg levert til Tonstad kyrkje! Aksjon "**Kjøp ein tangent**" nærmar seg difor målstreken, men vi manglar framleis vel 17.000 kroner av dei 73.000 kronene pianoet kosta.

Vil **DU** vere med å løfte saman med dei som allereie har gjeve ei gåve? **Hvis mange er med, kjem vi heilt i mål!**

Ein tangent kostar 500 kr. Alle som kjøper ein tangent får eit tangentbevis i posten. Me tek sjølvstyk imot både mindre og større gåver enn 500 kr

også! Det er oppretta ein eigen piano-konto i Sparebank1-SRbank som ein kan betale inn på. Kontonummeret er **3201 09 78393**.

Alle som gjev minst 500,- kroner og melder inn personnummeret sitt til kyrjekontoret, får skattelette.

Personnummeret kan du melde inn på mail til post@sirdal.kyrkja.no eller ved å ringe 38 37 16 00. **Takk for gåva di!**

Soknerådet



Takknemleg for å bu i Noreg

Dersom du har vore innom bakeriet på Tonstad, har du nok sett denne smilande og venlege tilsette! Ho heiter Ausra Aglinskiene, og kjem frå byen Plungė i Litauen.

Litauen er eit lite land ved Auster-sjøen, halvannan gong Finnmark fylke, og det bur litt mindre enn tre millionar menneske i landet. Dei som kan saga, vil vita at på slutten av 1300-talet var Litauen det største landet i Europa!

Fabrikkarbeidar

Byen Plungė har om lag 20.000 innbyggjarar, og er mest kjend for lintøyveveri, og ein fabrikk som tilverkar fiskemat. Begge desse fabrikkane har Ausra arbeidd på.

Ausra kom til Noreg 3. januar 2012 saman med døtrene Laura og Andzelika. Dei budde ei tid på Hompland,

"Det er eg som er heldig som får ha denne jobben, og kan bu i dette draumelandet Noreg!"

men har nå flytta til Sentrumsbygget på Tonstad.

På bakeriet trivst Ausra godt. Eg slo frampå at Svein Sturla er heldig som har slik ei dugande hjelp i butikken. Men det ville ho ikkje høyra på! "Det er eg som er heldig som får ha denne jobben, og kan bu i dette draumelan-



Ausra trivst godt med jobben sin på Tonstad bakeri. Ho har ekspedert mange nøgde kundar dei åra ho har vore tilsett her.

det Noreg!" Ho var nett nå på ein tur til Danmark, flatt som Litauen, og følte ho kom "heim" då ho kom attende til Tonstad!

Ausra har også reinhaldsarbeid på kyrkjekontoret. Her likar ho seg godt, og både kyrkjeverge Henning Huseby Jan-

sen og dei andre på kontoret er svært godt nøgde med arbeidet hennar.

Jenter med klare mål

Jentene hennar, Laura, 20, og Andzelika, 16, likar seg svært godt, og har funne mange vener. Dei kan godt

tenkja seg å reisa på ferie til Litauen, men dei vil ikkje flytta frå Sirdal.

Laura er nett ferdig med siste året på Dalane vidaregåande skule, og har planar om å bli siviløkonom. Ho ventar i skrivande stund på utfallet av søknaden på dette studiet i Stavanger. Ho sa eg kunne skriva at ho har kjærast på Tonstad!

Andzelika er nett ferdig med 10. klasse på Tonstad skule. Ho har fått mange gode vener som ho er saman med, og er mest ikkje heime! Ho skal også gå på Dalane vidaregåande skule, og hennar plan er å bli arkitekt eller advokat.

*"Ho følte ho kom "heim"
då ho kom attende til
Tonstad!"*



Ausra i sofakroken heime på Tonstad saman med døtrene sine Laura (til høgra) og Andzelika (til venstre)

Jentene har budd her berre fire år, men alt nå snakkar dei perfekt norsk med Tonstad tonefall. Eg trur dei klarer å nå måla sine! Flotte jenter er dei!

Trygg oppvekst på Tonstad

Ausra har vore aleine med oppsedinga av borna sine, og dette har ho klart svært bra. Ho tykkjer det er så trygt og godt å la jentene veksa opp her kor ho ikkje treng vera redd for å la dei gå til venene sine om kveldane.

Eg ynskjer alt godt for dei alle tre, og likar å få kaffikoppen på bakeriet av ei smilande Ausra! Takk for at de er her, og gir oss så mykje glede!

PS: Ausra har funne lukka i Øvre Sirdal, og det unnar eg henne av hjarta!

Tekst og foto: **Sven-Egil Testad**

Fakta om Litauen

Befolkning: 2 884 433

Hovedstad: Vilnius

Tru: Romersk-katolske 79 %
Protestantar 3,7 %

Valuta: Euro



Soknerådet sine møter

Soknerådet har normalt sju møter i året. Rådet tek opp mange viktige saker som mellom anna gjeld trusopp- læring for barn og unge, korleis møte flyktningar, kva organisasjonar som skal få takkoffer, kyrkjebygga, grav- plassane, økonomi og rammene for dei tilsette i kyrkja. Og mykje meir. §9 i Kirkeloven seier at rådet skal "ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet". Møtene er åpne, og er i haust lagt på følgjande datoar: **21.september, 12.oktober og 30.november.**

INSPIRERENDE TUR TIL SPANIA

Siste torsdag i april møttes vi på Sola flyplass, seksten spente og forventningsfulle sirdøler. Tre hele dager skulle vi være i storbyen Barcelona. Vi skulle oppsøke severdigheter vi hadde hørt og lest om, kanskje handle litt, og ikke minst skulle vi besøke misjonsprosjektet til Sirdal kyrkjelyd.

Turen gikk med fly fra Sola via Gardermoen, og vi kom sent fram, men neste morgen var vi alle opplagte og klare for dagens program. Denne dagen var viet til å bli kjent med misjonsprosjektet vårt. Det er et arbeid blant nordafrikanske innvandrere i Barcelona, som Sirdal menighet støtter gjennom NMS. Vi startet fredagen med å besøke Barcelona Center. Der ble vi møtt av Mona, som sammen med mannen sin Hany og



et annet ektepar er de som leder arbeidet i Barcelona. Alle fire er fra Egypt og er utsendinger fra en menighet i Kairo. Mona og Hany var på besøk på Tonstad for en tid tilbake og fortalte om arbeidet sitt. I tillegg til Mona og flere andre ansatte møtte vi også Åslaug Ihle Thingnæs, NMS sin representant for Midt-Østen og Pakis

tan. Hun var bindeleddet mellom menigheten vår og menigheten i Barcelona når det gjaldt planleggingen av turen vår.

Treffsted for unge innvandrere

På senteret samlet det seg etter hvert



mange unge mødre med små barn i førskolealder. Her til senteret kom de for å få undervisning i bl.a. spansk og engelsk, og mens mødrene fikk undervisning ble barna aktivisert av andre på senteret. Dessuten fungerte senteret også som et treffsted, de møtte likesinnede og kunne dele hverdagslige utfordringer. De syntes det var spennende å høre om Norge, og med to spansktalende i reisefølget vårt (Anne Turid og David Garnica) gikk kommunikasjonen greit. Vi sang et par norske sanger for dem, og formiddagsstunden

ble avsluttet med te og kaker fra ulike kulturer.

Norske og spanske barnesanger

Etter lunsj dro vi ut til et senter i en forstad en times tid utenfor Barcelona. Der samlet barna i nabolaget seg til barnegrupper med bibelfortellinger, aktivitet, lek og fotball. De fleste av barna kom fra muslimske hjem, men foreldrene visste at senteret drev et arbeid med kristen forkynelse, og barna kom allikevel. David organiserte leker med dem, og det var stor stemning! Vi andre bidro



med et par norske kristne barnesanger, og som en avslutning fikk de utdelt små gaver som vi hadde med oss. Vi kan trygt si at det var et vellykket besøk for både store og små!

Dagen ble avsluttet med middag sammen med en del av de ansatte i prosjektet.

En by full av severdigheter

Både lørdag og søndag var satt av til sightseeing, besøk av turistattraksjoner og tur i handlegaten La Rambla.



Været viste seg etter hvert fra sin beste side, og det gjorde godt for oss forfrosne sirdøler å rusle rundt i Gaudi-parken eller sitte oppe på sightseeingbussen i solskinn og god sommervarme og beskue det meste av Barcelona og omegnen. Den fantastiske katedralen Sagrada de Familia ble også besøkt. Den ble tegnet av arkitekten Gaudi, påbegynt i 1883 og er fremdeles ikke ferdig.



I tillegg til alt dette fikk vi også møte Norges generalkonsul i Barcelona, Karin



Mollö-Christensen. Hun ga oss et grundig innblikk både i historikken til Catalonia, som Barcelona er hovedstaden i, og dagens situasjon, særlig med tanke på unge, innvandrere og sysselsettingen generelt. Det var veldig flott å få møte en som var så kunnskapsrik! Lørdagskvelden ble avsluttet med et forrykende Flamenco-show, et "must" for alle som kommer til denne byen!

Misjon nytter!

I tillegg til driften av de to sentrene, ble det for flere år siden etablert en arabisktalende menighet. Søndag kveld var avsatt til gudstjeneste der. Gudstjenesten skulle begynne kl. 18.00, men det var ikke så nøye, den begynte når de var klare. Mennesker i alle aldre var samlet i et lite lokale, og menigheten hadde vokst så mye at lokalet egentlig var i ferd med å bli for lite. Det var en uvant opplevelse å være på en gudstjeneste der en hverken skjønte språket eller kunne lese tekstene til salmene, men jeg ble sittende ved

siden av en engelsktalende dame som var flyktning fra Syria, og hun oversatte en del for meg. Svein Sturla og Henning kom med hilsener til menigheten, og vi bidro med salmen "Navnet Jesus". Etterpå var det kirkaffe, og under praten med de som var der fikk vi høre flere gripende historier om livet andre steder i verden. Det var en kveld som gjorde inntrykk, og som viste at det nytter med misjon. Det gjør en forskjell for mange mennesker. Takk til alle som var med og som hver på sin måte bidro til den gode stemningen og et godt fellesskap! Og ikke minst takk til vår reiseleder Henning! Han hadde tenkt på alt! Regn og sludd møtte oss da vi landet



på Sola, men med mange gode opplevelser i bagasjen gikk vi hverdagen i møte. Tusen takk for turen! Vi reiser gjerne en gang til!

Tekst: **Gunnlaug Seland**

Foto: **Rolf Hompland /
Henning Huseby Jansen**

Kulturkveld med Jahn Otto Johansen

Den kjende journalisten og forfatteren Jahn Otto Johansen skulle ha vore gjest på kulturkvelden i Sirdal kulturhus fredag 13. november i fjor.

Kvelden måtte diverre avlysast på kort varsel, då Johansen blei sjuk. Dette var han lei seg for, og han ville svært gjerne kome att seinare: *"Ved Diakonhjemmets og Vår Herres hjelp vil jeg gjerne komme ved en senere anledning"*, som han sa.

Som tidlegare annonsert, er datoen sett for ein ny kulturkveld med Jahn Otto Johansen.

Datoen er **tysdag 11.okt. kl 19.00**

Johansen har lenge advart mot tydelege fascistiske straumdrag i Europa. Det vil han også kome inn på i foredraget sitt.

Sett av kvelden allereie no!



Vel møtt til basar i haust



Hausten er tid for basarar, og dei er det mange av i Sirdal! Flittige hender har allereie i mange månader jobba med synål, strikkepinnar og anna for å lage flotte gevinstar.

Dato for tre av dei tradisjonsrike basarane får du her:

- ⇒ **Tjørhom grendehus fredag 14.oktober** kl 19.00. Øvre Sirdal misjonsforeining.
- ⇒ **Øksendal skule laurdag 29.oktober.** Øksendal Misjonskvinneforeining.
- ⇒ **Tonstad bedehus 10.november** kl 19.00. NMS si Misjonsforeining

Her viser Anny Haugen og Solbjørg Tjørhom fram nokre av dei flotte gevinstane til Øvre Sirdal misjonsforeining sin basar på Tjørhom grendehus i 2014.

Gardsnamn i Sirdal: Ousdal



Ousdal (dalen som vender mot aust) var nok ein gong i tida ein av dei største gardane i Sirdal, sidan både Omlid, Solheim og Kvinen låg under Ousdal. Mykje tyder og på at han høyrde til mellom dei gardane som fyrst vart busett, truleg alt i folkevandringstida, ca år 400 til 600 e.Kr. Jakt var svært viktig. Særleg er garden kjent for snarefangst av rypar. Funn av gamle dyregraver tyder på at jakt på reinsdyr og var viktig som matauke. Det blir fortalt at ein frå Ousdal ein gong hadde fanga mange rypar i snarer og var på heimveg då han vart forfølgd av ein

flokk varg eller ulv. Einaste måten å sleppa unna å bli ulvematt på var å kasta ei og ei rype til flokken. Den siste rypa kasta han like før han kunne smetta inn dørra heime.

Ved munninga av Ousdalsvatnet var det fram til ca. 1960 helleristningar av reinsdyr. Kanskje dei einaste som fanst i Sirdal. Dei vart diverre øydelagde i samband med Sira-Kvina utbygginga. I Ousdal var dei og kjent for å halda på gamle tradisjonar lengre enn dei fleste andre stader. Det heiter mellom anna at ein gong i eit bryllaup kom det til

“beltespenning” mellom to av dei rikaste kaksane i dalen. Den eine frå Josdal, den andre frå Ousdal. Dei vart spende saman med eit belte og sloss med knivar til ein av dei til slutt vart drepen.

Elles var fiske av aure i vatnet og i elva viktig. Difor heiter det mellom anna i gardrimet frå Ousdal:

*“Aure å neba, aure å neba sa Åsul
Ausdal, folk spure kå dei åd te nons”*

Tekst: **Steinar Tjomlid**
Foto: **Jøren-Ola Ousdal**

Verksemd på Tonstad bedehus

August

Fre-søn 19-21.08

Weekend på
Evjetun

Torsdag 25. kl 19.30

Nattverdmøte

Søndag 28 kl 17.00

Storsamling/
samlingsfest

September

Torsdag 1. kl 19.30

Bønnesamling

Søndag 4. kl 19.30

Kveldsmøte

Torsdag 8. kl 19.30

Bønnesamling

Søndag 11. kl 11.00

Storsamling

Torsdag 15. kl 19.30

Bønnesamling

Søndag 18. kl 19.30

Kveldsmøte

Onsdag 21. kl 17.00

Barnebasar

Torsdag 22. kl 19.00

Basar NLM

Søndag 25. kl 17.00

Storsamling

Torsdag 29. kl 19.30

Nattverdmøte

Fredag 30. kl 19.30

Profilmøte

Oktober

Søndag 2. kl 19.30

Kveldsmøte

Torsdag 6. kl 19.30

Bønnesamling

Søndag 9. kl 11.00

Storsamling

Torsdag 13. kl 19.30

Jentekveld

Søndag 16. kl 19.30

Kveldsmøte

18 - 23.oktober

Møteveke

Søndag 23. kl 11.00

Storsamling

Torsdag 27. kl 19.30

Nattverdmøte

Søndag 30. kl 19.30

Kveldsmøte

November

1 - 6.november

Møteveke

Søndag 6. kl 11.00

Storsamling

Torsdag 10. kl 19.00

Basar NMS

Søndag 13. kl 19.00

Sang/musikk-møte

Torsdag 17. kl 19.30

Bønnesamling

Fredag 18 - lørd.19.

Julemesse Kulturh.

Søndag 20. kl 11.00

Storsamling

Torsdag 24. kl 19.30

Nattverdmøte

Søndag 27. kl 17.00

Adventsamling

Vi legg ut det meste av relevant informasjon om aktiviteter på vår nye Facebookside, *Tonstad bedehus*.
Sjå innom og bli ein av dei som «liker» oss.

Takk til våre støtteannonsørar for viktig økonomisk støtte:

Fjellbutikken AS

Suleskard, 4443 Tjørhom, tlf 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, tlf 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no
www.infoskjermen.no

Omlidbutikken AS

Omlid, 4440 Tonstad, tlf 38371857
narbutikken.omlid@narbutikken.no

Sageneset feriesenter AS

Nesset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: feriesenter@sageneset.no
www.sageneset.no

Sinneshytta AS

Tlf. 38 37 74 22, mob. 977 29 183
E-post: tor.sigve.vik@sinneshytta.no
www.sinneshytta.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
www.sirakvina.no

Sirdal Huskyfarm

Ousdal, N-4440 Tonstad | Norge
Telefon +47 38 37 18 62— +47 482 86 044
E-post: hallo@sirdalhuskyfarm.no
www.sirdalhuskyfarm.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,
www.srlag.no

Sirdal bilverksted

Nordgardsvegen 1, 4440 Tonstad
tlf 38370070 E-post: post@sirdalbil.no

Sirdalsbussen AS

Nordgardsvegen 5, 4440 Tonstad
tlf 90098005 www.sirdalsbussen.no
E-post: tormod@sirdaltransport.no

Sparebank 1 SR-Bank

Pb 25, 4441 Tonstad, tlf 02002. www.sr-bank.no
tom.leif.rusdal@sr-bank.no / astri.ousdal@sr-bank.no / monika.kus@sr-bank.no.

Tonstad Bakeri AS

Tonstadvegen 20 A, 4440 Tonstad,
tlf 38370122
E-post: bagaren@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
tlf 38377480 mob. 918 61 534
E-post: post@tonstadli.no www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Ådneram, 4443 Tjørhom, mob 99441144
E-post: post@aadneram-skitrekk.no
www.aadneram-skitrekk.no

Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

**Vakttelefon
489 55 200**

Eilif Sandvand Galdal
91880109
Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



Nærbutikken, Tonstad



**Tonstad Autosenter
Statoilservice, Tonstad
Åpent hver dag til kl 22.00**

**Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
38370142**

Lund

REGNSKAPSKONTOR AS

Sirdalsvegen 38, 4376 HELLELAND
Telefon: 51 40 24 00
E-post: post@lundregnskap.no

- Etablering av selskap
- Fakturering/Lønn/Remittering
- Tilgang til eget regnskap; gjøre en del av jobben selv
- Scanne bilag inn i eget regnskap
- EHF-fakturering
- Elektronisk innhenting fra Tine og Nortura

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og annekse
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Ofte dal, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@ofn.no

Flekkefjord og Treland Begravelses- byrå

Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

Total leverandør innen VVS

Avd: Sirdal
TLF 97 68 22 41

Kontor (Flekkefjord) - TLF 38 32 22 41



Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25

Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad

www.sirdal.kyrkja.no - post@sirdal.kyrkja.no

Telefon: 38371600

Sokneprest Sigurd Flydal

prest@sirdal.kyrkja.no/45248536

Kyrkjeverge Henning Huseby Jansen

hhj@sirdal.kyrkja.no/97633127

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland

ish@sirdal.kyrkja.no/95202865

Kantor Kjetil Øygard Eidevik

koe@sirdal.kyrkja.no/99545299

Tonstad kyrkje

Tone Marit Bjørnstad, kyrkjetenar og reinhaldar

Lunde kyrkje

Gunn Siri Ousdal, kyrkjetenar og reinhaldar

Kvævemoen kapell

Bjørge Hilde Fidjeland, kyrkjetenar og reinhaldar (vikar)

Haughom kapell

Dah May Htoo, reinhaldar

Gerd Åshild Ueland, kyrkjetenar

Sirdal sokneråd

Aud Ingrid Fidjeland, leiar, tlf 976 00 440

Gunnlaug Seland, nestleiar, tlf 977 95 744

Tor Arne Liland

Ingunn B. Tonstad

Hanne Fodstad

May Bente Øksendal Ousdal

1.vara: Einar Samslått

2.vara: Gerd Åshild Ueland

Slekters gang

DØYPTE

Tonstad kyrkje

15.05. Erna Marie Lindeland

04.06. Aksel Kornelius Ousdal

26.06. Leah Son Grimsby

GRAVFERDER

Tonstad kyrkje

11.05. Arne Åsen

24.05. Helge Øyvind Bjunes

15.07. Kristine Hammersmark

Lunde kyrkje

09.06. Hallvard Kvæven

VIGDE

Ingen vigde



Hvordan
har du det
– egentlig?

Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.



815 33 300
Kirkens SOS

BANKEN

Kvinesdal Sparebank

Dine drømmer
Vår utfordring



Du får fordeler
i BANKEN
du ikke får
i noen
annen bank



Telefon: 95 91 08 84
kvinesdalsparebank.no

Tveit og Tjomlid

Alt i graving, sprenging og
massetransport.

Ofte dal, 4440 Tonstad
mob 915 13 408

E-post: post@oftnb.no



Tonstadveien 12
4440 Tonstad
Telefon 98 48 35 13
38 32 60 00
www.felektro.no

15 år - 1990 - 2015



FLEKKEFJORD
ELEKTRO AS

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

► elektroinstallasjoner

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

relaterte byrått 16c

Velkommen til Kyrkje



21.august kl 11.00

Vingardssundagen

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.

*Takkoffer til kyrkjelyds-
arbeidet.*

Kyrkjetrim etter gudstenesta

28.august kl 11.00

15.søndag i treeiningstida

Haughom kapell

Familiegudsteneste. Dåp.

*Takkoffer til Vest-Agder
søndagsskulekrets.*

Sosial samling ved bade-
plassen etter gudstenesta.

28.august kl 17.00

15.søndag i treeiningstida

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste.

Takkoffer kyrkjelydsarbeidet

14.september kl 18.15

Onsdag

Tonstad kyrkje

Tro og lys-gudsteneste.

Tonstad barnekor.

Takkoffer til Barnevakten.

18.september kl 11.00

18. søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.

Takkoffer til NMS.

25.september kl 11.00

19. søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med presenta-
sjon av konfirmantane.

Takkoffer til NKSS.

25.september kl 17.00

19. søndag i treeiningstida

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste med
presentasjon av konfirman-
tane. *Takkoffer til NKSS.*

16.oktober kl 11.00

22. søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.

Takkoffer.

30.oktober kl 11.00

Bots- og bøneda

Kvævemoen kapell

Hausttakkefest med utdeling
til 1. og 5.klassingar. Ton-
stad barnekor og Barnekolet
på Kvæven. *Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.*

30.oktober kl 17.00

Bots- og bøneda

Tonstad kyrkje

Hausttakkefest med utdeling
til 1. og 5.klassingar. *Takk-
offer til Kirkens Nødhjelp.*

6.november kl 11.00

Allehelgensdag

Lunde kyrkje

Gudsteneste med minnemar-
kering. Sirdal blandakor.
Takkoffer til MF.

13.november kl 11.00

Søndag for dei forfølgde

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.

*Takkoffer til Stefanusallian-
sen.*

13.november kl 17.00

Søndag for dei forfølgde

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste med
nattverd. *Takkoffer til Åpne
Dører.*

27.november kl 11.00

1.søndag i advent

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.
Sirdal blandakor. *Takkoffer.*
Avskjedsgudsteneste for

sokneprest Sigurd Flydal.

27.november kl 17.00

1.søndag i advent

Tonstad kyrkje

Adventsamling. Tonstad
Barnekor. *Takkoffer til Redd
Barna.*

29.november kl 18.00

Tysdag e. 1.søndag i advent

Kvævemoen kapell

Adventsamling/lysmesse.
Konfirmantane deltek.
*Takkoffer til Menneskeretts-
fondet.*

11. desember kl 11.00

3.søndag i advent

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Blå Kors.

11. desember kl 19.00

3.søndag i advent

Haughom kapell


Lysmesse. Konfirmantane.
*Takkoffer til Menneskeretts-
fondet.*

Det kan bli endringar.

Følg med i avisa og på:

www.sirdal.kyrkja.no

Facebook.com/kyrkjaisirdal





kultursidene

Seinsommar/haust 2016



Tonstadbua

Tonstadbua er i dag ein del av Vest-Agder fylkesmuseum i Kristiansand, men har tidlegare hatt ein stor rolle for lokalmiljøet i gamlegata Tonstad.

Bua var opphavsleg plassert på bruket "Monen" ned ved gamle Tonstad brygge. Rosemålingane som er i Tonstadbua er bland dei eldste og beste ein har i Vest-Agder. Dei vart måla av Tore Asbjørnsen Risøyne frå Fjotland i 1780 då han berre var 18 år gamal. Han var sjølv lærer som rosemålar.

Dekorasjonen består av figurmotiv og vegetabilske ornament. Motiva er henta frå kjende beretningar i Bibelen og eit folkeleg billedmotiv: David og Goliat, Absalon som hang fast etter håret, Samson og løven, Samson og de to speiderne, de fem kloke og

de fem dårlige jomfruer. Under kvar figurframstilling står ein bibeltekst og henvisning til skriftstaden.

Til slutt malte Risøyne dei tri stender: Offiseren, presten og bonden med ein sosial kommentar: "Jeg strider for Eder, sier adelsmannen, Jeg Beder for Eder, sier presten, Men jeg opholder Dykke adde same", sier bonden på dialekt!

Etter tradisjon skal Tonstadbua ha fungert som ei sengebu for reisande med båt på Sirdalsvatnet. Det var gjestgiver Karl Torjeison (1723-1800) som fekk bygd bua. I 1753 hadde han fått gjestgiverbevilling med skjenkerett.

I 1870 overtok Sigbjørn Karlson Tonstad (bestefar til Sybjen) bua på ein auksjon. Den vart reven og lagra, og seinare oppført på hans bruk (Sigbjørn K. hagen) i 1880. I fleire år var det bakeri i bua.

Tilbakeblikk på den lokale bibliotekshistorien

Det var som kjent doktor Normann som startet opp den kommunale boksamlingen her på Tonstad. Han hadde sitt virke i Sirdal fra 1938 til 1971. Men når var egentlig starten på biblioteket? Vi på

I «Bok og Bibliotek» fra 1941 står det i en artikkel, «Bibliotekreklame i Vest-Agden» av Torborg Collin, at Vest-Agder Biblioteklag i april 1940 søkte om å få Norsk Bibliotekforenings bibliotekpropaganda 1940 - 1941 henlagt til Vest-Agder fylket.

Det fikk de, og åpningen av reklamearbeidet utad ble avvirket 2. febr.(1941) i Kristiansand. Som avslutning i omtalen av arr. står det følgende, sitat: «Det var møtt frem ca. 150 mennesker, og det er ingen overdrivelse å si at det var meget god stemning. Tilstellingene hadde fått god forhåndsmtale i byens aviser, og referatene var så gode som en kunne ønske dem.

"Men alt før denne «premieren» hadde Tonstad folkeboksamling i Sirdalen hatt sin underholdningskveld. Denne var arrangert av den alltid iherdige dr. Normann – formann i boksamlingsstyre – med god hjelp av herr S. K. Tonstad.

Dr. Normann holdt foredrag om studieringer, og filmen «Hvordan en bok blir til» ble kjørt. Etter melding hadde kvelden vært meget vellykket og innbrakte netto kr.75.-" sitat slutt.

Biblioteket har lett videre etter mer informasjon, og kom tilfeldigvis over Øyvind Normanns forord til Tonstad i Norges bebyggelse hvor det står, sitat: "I 1939 ble det etter initiativ fra distriktslegen stiftet en ny kommunal boksamling, som etter hvert har opparbeidet en bra bokbestand og har holdt interessen for lesing ved like.

Den er nå (1956) oppe i ca.2200 bind og etter folketallet den største i Vest-Agder fylke. – Boksamlingen har et stort rom i herredshuset og utlån hver lørdag", sitat slutt.

Med dette historiske tilbakeblikket, ønsker vi alle våre lånere en god bok-høst!



Øyvind Normann var i Sirdal fra 1938 til 1971. Allereie i 1942 tok han initiativ til å starte Tonstad kommunale folkeboksamling. På bilete over ser ein den flotte busten av Dr. Normann som er laga av billedhoggar Hugo Frank Wathne.



Nye bøker som kommer på ettersommeren/høsten:

«Historia om det tapte barnet», Elena Ferrante's siste bok i serien «Napolikvartetten».

«Ekte amerikanske jeans», Jan Guillou's 6. bok i serien «Det store århundre»

«Jeg vet hvor du bon», ny krim av Unni Lindell
«Belgravia» av Julian Fellowes, mannen bak «Downton Abbey»





Suppefestivalen

Årets Suppefestival blei ein stor suksess, det var strålende fint vær, og rekordmange som tok turen til Tonstad sentrum.

Årets Supperåd/arrangørkomité vil retta ein stor takk til publikum, til dei som framførde på scenen og til alle utstillarane. Me håpar på minst like bra ver til neste år og ei "hærlige suba" med god underhalding og god stemning.

Dato for Suppefestivalen til neste år er: 17. juni 2017. Sett gjerne av datoen allereie no!



Sirdal Bygdekvinnelag serverte rabarbrasuppe.



Texaco hadde òg stand i sentrum, dei kunne friste med pølser og slush.



Her vert det servert "Kvalitetssuppe" frå Sirdalsmat.



En smak av verden: Supper frå Marokko, Palestina og Tyrkia.



Ved ansiktsmalinga var det kø heile dagen - og mange glade born!



På standen til Mydland Hest var det riding og kjøring for publikum med flotte Norlandshester/Lyngshester.



Dei som hadde dagens beste suppe vart kåra til "Årets suppegjøk". Sira-Kvina gjekk av med seieren dette året!



Frå den underholdande stafetten: dei konkurrerande imponerte stort med uante (og fram til no skjulte) talent!



Sirdal Veteranvogn klubb: Her var det mange flotte biler å sjå!



Det vart delt ut Idrettstipend til Silje Mydland og Kulturstipend til Marielle Celine Samslått. Idrettsprisen gjekk til Simen Mathias Risesnes og Sondre Haugen.



Folksomt på Eliastunet under årets Suppefestival!

bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturmiljø / ungdom&friluft
idrett / log&foreninger / teater / konsert



kultursidene



Ben Hur
Drama

17. august kl. 19.00



Star Trek Beyond

Action / Eventyr / Sci-Fi

19. august kl. 19.00

24. august kl. 19.00



**Kjæledyrenes
hemmelige liv**

Animasjon / 1t 30min

21. august kl. 17.00



Løvekvinnen
Drama

26. august kl. 19.00

28. august kl. 19.00

Husk at du finner alltid oppdatert kinoprogram på www.sirdal.kommune.no



**Istid 5:
På kollisjonskurs**

Animasjon / 1t 34min

28. august kl. 17.00



Oppdrag Dory

Animasjon / Familiefilm

26. august kl. 17.00

4. september kl. 17.00



**Mike og Dave
trenger damer**

Komedie

31. august kl. 19.00



Magnus
Dokumentar

11. september kl. 19.00





Hands of Stone

Action / Biografi

21. september kl. 19.00



Kongens nei

Drama / Krigsfilm

23. september kl. 19.00

25. september kl. 19.00

28. september kl. 19.00



The Magnificent Seven

Action / Western

2. oktober kl. 19.00

5. oktober kl. 19.00



Peter og Dragen

Eventyr / Familie

9. oktober kl. 17.00

bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturmiljø / ungdom&fritid
idrett / lag&foreninger / teater / konsert



kultursidene

2016

Program for
Den Kulturelle Spaserstokken
og andre aktiviteter

Flott program med m.a.:
Sommarfest i Sansehagen
Konsert "Prøysen for to"
Musikkteater: Johansens Jul

Program for Den Kulturelle Spaserstokken

Programmet for Den Kulturelle Spaserstokken i Sirdal er sendt ut til alle husstander. Her er mange flotte arrangement og aktiviteter utover hausthalvåret.

Frå programmet vil ein særskild ønskje velkomen til:



Fredag 23. september
kl. 17.00 på Sirdalsheimen



Torsdag 8. desember
kl. 14.00 Tjørhom dagsenter
kl. 17.00 på Sirdalsheimen



Sirdal Kulturskole (SMoK)

Smok vi gjerne få takke alle, elever, ansatte, foreldre og foresatte for et fint år - vi gleder oss til høsten og et nytt år på kulturskolen!

Opptaket for høstens undervisning er omtrent i boks. Noen grupper vokste, noen ble mindre og alle fikk fortsette med fin aktivitet. Sånn sett et godt utgangspunkt. Til høsten starter vi opp med ca. 150 elevplasser. Det er det høyeste antallet vi har hatt ved begynnelsen av et nytt år noen gang. Det er en stor tillitserklæring til kulturskolen og de ansatte. Takk for den. Det er vi stolte av.

Vårkonserten viste at mange har jobbet bra med sine fag i vinter og vår. Det var mange flotte prestasjoner, og mange



flotte fremføringer. Takk til alle som var med på å gjøre dette til en flott forestilling.

I april hadde vi eventyrforestilling i samarbeid med barnehagene.

Dette var et flott samarbeid som fikk vist fram massevis av talent og glede hos både barn og voksne. Vi ser fram til å gjøre lignende prosjekter framover.

Takk også til de ansatte i barnehagene som var med på å gjøre dette mulig. Dere er en flott gjeng, og vi er glade for å få jobbe sammen med dere.

På lærersiden er det i skrivende stund litt mer uklart. Det vi vet, er at Eivind Charles Mage-land, kommer inn som lærer på slagverk. Det er vi glade for. Ragnhild Maria Sandvik er tilbake etter permisjon, og dermed forsvinner Hanne Fodstad ut. Det har vært fantastisk å ha Hanne tilbake igjen en periode, men vi er likevel glade for å få tilbake Ragnhild Maria. Hun skal i tillegg drive kor for Kirka i en utleid stilling for neste år. Dette er en ny løsning, som vi ser fram til å teste ut.

Dans og teater er per nå ikke avklart. Vi har et par løsninger som vi jobber med, men ingenting er helt på plass. Marianne Tjørhom har søkt permisjon for et år, og vi kommer til å

Sirdal Kulturskole (SMoK)

Smok vi gjerne få takke alle, elever, ansatte, foreldre og foresatte for et fint år - vi gleder oss til høsten og et nytt år på kulturskolen!

Opptaket for høstens undervisning er omtrent i boks. Noen grupper vokste, noen ble mindre og alle fikk fortsette med fin aktivitet. Sånn sett et godt utgangspunkt. Til høsten starter vi opp med ca. 150 elevplasser. Det er det høyeste antallet vi har hatt ved begynnelsen av et nytt år noen gang. Det er en stor tillitserklæring til kulturskolen og de ansatte. Takk for den. Det er vi stolte av.

Vårkonserten viste at mange har jobbet bra med sine fag i vinter og vår. Det var mange flotte prestasjoner, og mange flotte fremføringer. Takk til alle som var med på å gjøre dette til en flott forestilling.

God stemning på Vårkonserten til SMoK!



Vinnaren av ÅRETS FRILUFTSBILDE 2015

2015 var Friluftslivets år, og knytt til det så vart det lyst ut ein konkurranse om å melde inn Årets friluftsbilde til oss. Vinnaren vart avslørt og premiert under Suppafestivalen den 18. juni.



Vinnar: Urdalsknuten, 4. okt av Frank Haugom.

Begrunnelse: Et kjent landemerke fanget i fint lys, flott himmel og vakkert fjellandskap på en solskinndag i Sirdal. Godt komponert med fine farger og spenning/glede knyttet til de to som sitter oppå varden gjør at vi blir overbevist om at dette var en fin tur. Bruk av vidvinkel gjør at landskapet og himmelen med sine skyformasjoner drar en inn i motivet. Man blir inspirert til å komme seg ut i Sirdals vakre natur av dette bildet. (Jury har bestått av personar frå Lister Friluftsråd)



bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturmiljø / ungdom&friluft
idrett / log&foreninger / teater / konsert



kultursidene



Ordførereens spalte

**Ordfører i Sirdal kommune,
Thor Jørgen Tjørhom, skriver
noen ord om det som skjer i
kommunen vår.**

Årets sommer har vært utrolig flott. Her i Sirdal gikk det fra vinter til sommer i ett «jafs», med rekordtidlig slått.

Landskapet åpner seg opp og gir muligheter for å bruke naturen til aktiviteter, utforske nye turer, og la seg forføre av alt det fine som en stadig oppdager på nytt eller for første gang.

Det er bemerkelsesverdig hvor stor oppmerksomhet Facebooksiden til «Sirdal i bilden» har fått, og som Stavanger Aftenblad skriver:

Sirdalsbilder som fascinerer verden.

Og det er nettopp det den gjør; flere millioner har sett de vakre bilder av Sirdalsnaturen som Simen Haugthom og Co har stått for, media fra hele verden har kontaktet Simen og de har spredd dette videre. Det hele er formidlet med stor kreativitet for motivene og kvaliteten i bildene.

Dette sier meg flere ting, det viser rekkevidden av når en «treffer blink» i den digitale verden som er en viktig del av dagens samfunn.



Simen Haugthom (17) har fått stor internasjonal oppmerksomhet etter at han laga ein spektakulær dronefilm fra Kjerag. Foto fra intervju med Tv2.

Sirdal er sentrum for internasjonal oppmerksomhet, og mulighetene må gripes! Sirdal kunne vel neppe hatt et bedre utgangspunkt innenfor reiseliv og satsing på næring. Her må flere gode krefter til for å få merverdier ut av dette!

Sirdal bør, og skal ta del i den satsingen også når det gjelder sommeraktiviteter. En ser dette fra nasjonalt hold, og det uttales følgende: «Reiselivsnæringa er en av de næringene i verden som vokser raskest, og landet vårt har de beste mulighetene for å ta sin del av den internasjonale veksten».

Globaliseringen gir grunnlag for ny vekst og utvikling innenfor den norske reiselivsnæringen.

Det er også veldig flott at butikksjef Aud Kristin Fintland, og hennes medarbeidere i Coop Marked, igjen ble kåret til «Årets butikk».

Dette vitner om et langsiktig og målrettet arbeid både i forhold til kvalitet i butikken, dyktige medarbeidere og fornøyde kunder. Det er tredje gangen denne butikken har fått denne utmerkelsen!

Innbyggere og tilreisende er godt fornøyde med mangfoldet av dagligvarebutikken i dalen som generelt driver godt, og også står for distribusjon av «Sirdalsmat».



PREMIERT: Fra venstre, driftsjef i Coop Sørvest Per Christian Larsen, butikksjef Aud Fintland og kjedensjef Ingrid Vestengen. Foto: HELGA MUNICH

Ordførerens spalte

**Ordfører i Sirdal kommune,
Thor Jørgen Tjørhom, skriver
noen ord om det som skjer i
kommunen vår.**

Årets sommer har vært utrolig flott. Her i Sirdal gikk det fra vinter til sommer i ett «jafs», med rekordtidlig sløtt.

Landskapet åpner seg opp og gir muligheter for å bruke naturen til aktiviteter, utforske nye turer, og la seg forføre av alt det fine som en stadig oppdager på nytt eller for første gang.

Det er bemerkelsesverdig hvor stor oppmerksomhet Facebooksiden til «Sirdal i bilden» har fått, og som Stavanger Aftenblad skriver:

Sirdalsbilder som fascinerer verden.

Og det er nettopp det den gjør; flere millioner har sett de vakre bilder av Sirdalsnaturen som Simen

Haughom og Co har stått for, media fra hele verden har kontaktet Simen og de har spredd dette videre. Det hele er formidlet med stor kreativitet for motivene og kvaliteten i bildene.

Dette sier meg flere ting, det viser rekkevidden av når en «treffer blink» i den digitale verden som er en viktig del av dagens samfunn.

Sirdal er sentrum for internasjonal oppmerksomhet, og mulighetene må gripes! Sirdal kunne vel neppe hatt et bedre utgangspunkt innenfor reiseliv og satsing på næring. Her må flere gode krefter til for å få merverdier ut av dette!

Sirdal bør, og skal ta del i den satsingen også når det gjelder sommeraktiviteter. En ser dette fra nasjonalt hold, og det uttales følgende: «Reiselivsnæringa er en av de næringene i verden som vokser raskest, og landet vårt har de beste mulighetene for å ta sin del av den internasjonale veksten».



Foto frå Suppefestivalen



- Kraftfull, nær og nyskapende
Sirdal kommune



På jakt etter informasjon - Gamle fotoskattar: Denne gong er det ikkje bilete frå T. Dahl som vert presentert her, men frå Ragnvald Eikestøl. Han tok mange flotte bilete her i området. Kjenner du til personane på desse bileta eller har anna informasjon? Send det gjerne inn til oss på : gko@sirdal.kommune.no eller telefon 38 37 90 70

